



Folk myldra til Feet i føremiddag

**I dag opnar Elin så det smell
i Uskedalen opnar Kvinnherads Bagatelle.
Ho har fått merksemd over det ho hadde forventa
og sjølvaste Hellstrøm har oppdaga den flotte jenta**

**Kvinnherads suverene rimsmed Arne Torget hadde formulert
slik eit av dei 22 versa han hylla Elin Enes med på opningsfesten
av Elins Matgleder på Feet i føremiddag. Meir enn 100 møtte
fram og i tillegg til Torget fekk dei oppleve musikklaget, helsing
av Kristian Olav Bringedal som leiar Uskedalen Utvikling
- og servering av ymse slag i heile huset.**



Arne presenterer opningsdikt på 22 vers!

Familien stilte massivt opp for den nye verksemda. I andre høgda var det tapas og kaker og i første høgda steikjing av lappar og sukkerspinnproduksjon. Vertinna sjølv selde intenst til ei kø som ikkje hadde minka etter den første timen og festen var prega av mange positive ytringar om det nye tiltaket. Bringedal var ein av dei. Han viste til føremålsparagrafen til UU der det heiter at stiftinga skal fremja samarbeid og utvikling og det er eksakt kva Elin gjer med Elin Matgleder. Ikkje minst er det viktig no å slutta saman opp om det nye tiltaket, understreka UU-leiaren.

Arne Torget formulerte seg mellom anna slik:

Elin Enes er ei flotte jente og heilt unik
 når ho jobbar med mat, ja då føler ho seg rik.
 Ho lagar kunstverk av maten sin
 sjølv ei skjeva laga av Elin er noko du
 får lyst å ramma inn

Eg spår Elins Matgleder gode tie
 for Uskedalen blir det det nye Baronie
 ho lagar mat med glimt i auga og humør
 så kvifor ikkje tinga noko
 du ikkje har smakt på før!

Uskedalen har det beste frå fjell til fjord
 med råvarer til å dekkja det lekraste bord
 du er så kreativ at eg har ikkje ord

blir det neste lutafisk frå
Hjønnevåg med sprø svor?

No har du fått det tøffaste mathuset i Noregs land
som er utforma og bygd med kjærleg hand
mannen din Geir har vore med å heia
og sett sitt preg
han kjeme snart te å bli større enn meg

Gaute Haugland har malt ein flott fasade
som gjer oss forbipasserande stolte og glade
det ligg der bak Kapteinsgarden som eit fata morgana
og er eit smykke med symbolverdi som uskedalegrana

Gratulerer med ein draum som blei sann
med hjelp av familie, vener, ungar og mann
no står det her, klar til matgledeproduksjon
må di gje oss kulinariske
opplevelser og inspirasjon!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Elin og dottera Anine sel som berre det...